

Spørsmål 1:

Bør ikkje fylkeskommunen ha eit koordineringsansvar for kommunane for å sikre lik og tilstrekkeleg veterinærteneste og dyrevelferd i heile fylket?

Svar 1:

Det er Statsforvaltaren i Vestland som følgjer opp veterinærtilbod i kommunane i tråd med føringar frå Landbruksdirektoratet.

Spørsmål 2:

Korleis kan Vestland fylkeskommune hjelpe alle kommunane i fylket til å tilby ei tilfredsstillande veterinærvakt med minimum 3 delt vaktordning og god dyrevelferd?

Svar 2:

Stortinget løyvde 32,445 mill. kroner i stimuleringstilskot til veterinærdekning for 2021.

Statsforvaltaren tildeler stimuleringstilskot til søkerane i tråd med retningslinjer frå

Landbruksdirektoratet. Stimuleringstilskotet skal bidra til å sikre tilfredsstillande tilgang på tenester frå dyrehelsepersonell i næringssvake område. Med næringssvake område er det meint område kor behovet for dyrehelsetenester, og dermed innteningsgrunnlaget for veterinærar, ikkje er stort nok til etablering av ein berekraftig veterinærpraksis.